



FUSA KOMMUNE
Bjørnefjorden Landbrukskontor
Fusa, Os, Samnanger og Tysnes

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.:
12 / 1193	-
Mottelt:	31 MAI 2013
Saksbeh.:	Ark.:
LP INM	5121
Kopli:	Avsatt:

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Løpenummer : 13/3339
Arkivkode : FA-V18, TI-&13
Sakshandsamar : Torleif Bakke Haavik
Direktenr. tlf. : 56580140

Dato : 31.05.2013

Vår ref.:
Saksnr.: 13/610 - 2
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD HØYRINGSSVAR FRÅ FUSA, OS, SAMNANGER OG TYSNES KOMMUNAR

Vi syner til brev frå Landbruks- og matdepartementet, dagsett 19.4.2013, der ny forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord vart sendt på høyring. Kommunane er lista opp som ein av høringsinstansane, og høringsfristen er sett til 31.5.2013.

Bjørnefjorden landbrukskontor er eit interkommunalt landbrukskontor for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes kommunar, og denne høyringsuttala vert dermed gjeldande for dei fire aktuelle kommunane.

Landbrukskontoret kjenner til at det i regionen er eit stort etterslep på vedlikehald av eksisterande dreneringsgrøfter og tilhøyrande hydrotekniske anlegg. Samstundes er ein del areal i utgangspunktet utilstrekkeleg drenert til å vera tenleg for moderne jordbruksdrift. Dette medverkar til at produksjonspotensialet for jordbruksareala ikkje vert utnytta på optimalt vis.

Landbrukskontoret registrerar at det er stor interesse blant bøndene for auka dreneringsaktivitet, og mange har ettrlyst ei tilskotsordning for drenering. Det er difor svært bra at det no er løyvd midlar over statsbudsjettet til dette føremålet, og at det no er ei konkret tilskotsordning i emning.

Bjørnefjorden landbrukskontor har følgjande merknadar til den nye forskrifta:

I § 4 *Beregning av tilskudd* vert det for systematisk drenering lagd opp til å nytta dekar som parameter for utmåling av tilskot, og med ein sats på 1 000 kroner per dekar. For usystematisk drenering er det føreslege ein sats på 10 kroner per løpemeter dreneringsgrøft.

Dei faktiske kostnadane for drenering av jordbruksareal på Vestlandet vil ofte vera kring 10 000 kroner per dekar. Vi meiner difor at ein sats på 1 000 kroner per dekar er for låg til å gje eit monaleg insentiv for dei som vurderar å setja i gong med omfattande dreneringstiltak på jordbruksjord. Mykje av arealet som vert nytta til jordbruksproduksjon er leigd areal, og dette gjer at mange i utgangspunktet har låg motivasjon for å legja ned tid og pengar i dreneringsprosjekt.

Besøksadresse:
Kommunehuset
Kommunetunet

Postadresse:
P.b 24
5649 EIKELANDSOSEN
Telefon: 56 58 01 00
Telefaks: 56 58 01 02
E-post: postkasse@fusa.kommune.no

Fusa Kommune:
Organisasjonsnr.: 964 968 896
Bankgironr.: 3420 07 00920

Vi meiner at det er fleire ankepunkt mot å nytta dekar som parameter for utmåling av tilskot. Kor mange meter dreneringsgrøft som er naudsynt for å sikra ei tisstrekkeleg drenering av eit areal varierar sterkt. For eit flatt areal med sterkt omdanna myrjord på Vestlandet vil ein grafteavstand på 4 meter kunne vera naudsynt, medan ein grøfteavstand på 8 meter vil tena den same funksjonen på til dømes ei morenejord. For tørrare landsdelar som til dømes Nord-Austlandet, vil ein på somme jordartar oppnå ein tilsterkkeleg dreneringsgrad med ein grøfteavstand på opp til 12 meter.

Med ein grøfteavstand på 4 meter vert grøftetilskotet kring 4 kroner per meter, dersom det vert nytta ein sats på 1 000 kroner per dekar. Med ein grøfteavstand på 12 meter vert tilskotet per meter grøft kring 11 kroner med tilsvarande sats per dekar. I praksis vert utgiftene i samband med drenering av jordbruksareal rekna per meter grøft.

Vi meiner at utmålinga av tilskot per dekar er grunnleggjande feil, fordi to ulike søkarar som har same utgifter per meter drenering, kan enda opp med å få ein svært ulik andel av dei faktiske utgiftene utbetalt som tilskot. Verken bøndene eller forvaltinga er tent med å ha ei utmåling av tilskot som ikkje fangar opp denne problemstillinga.

Vi føresleg difor følgjande endring til utmåling av tilskot, jamfør § 4 i forskrifta:


1. Tilskot vert gjeve per løpemeter dreneringsgrøft for all grøfting
2. For profilering kan det gjevast tilskot per dekar og i tillegg eit tilskot for eventuelle dreneringsgrøfter i samband med dreneringa av arealet
3. Tilskot vert gjeve med følgjande satsar:
 - a. 20 kroner per meter dreneringsgrøft
 - b. 1 000 kroner per dekar for profilering + 20 kroner per meter for eventuelle dreneringsgrøfter på arealet

Vi meiner at dei føreslegne endringane vil gje eit nokså proporsjonalt tilhøve mellom dei faktiske utgiftene som bøndene har med drenering, og det utmålte tilskotet. Tilskotsordninga vert dermed meir rettvis, samstundes som ordninga vert lettare å forhalda seg til for forvaltinga, mellom anna fordi materielle utgifter i samband med dreneringa kan dokumenterast per meter grøft.

Med helsing



Johan Bergerud
Fung. Landbrukssjef



Torleif Bakke Haavik
Landbrukskonsulent